

# HARAM VIDAREGÅANDE SKULE



## PROGRAM FOR 1. SKULEVEKA 2021

### Måndag 23.08.

#### Vg1-klassar

Kl. 09:00

Elev-mottak:

Vg1-elevar møter i auditoriet

Info. per klasse/gruppe på ulike klasserom

Matpause

Basisgruppemøte med kontaktlærer på eige klasserom

#### Vg2- og Vg3-klassar

Kl. 10:30

Vg2- og Vg3-elevar møter i auditoriet

Informasjon

Matpause

Basisgruppemøte med kontaktlærer på eige klasserom (eigen romplan)

Tysdag 24.08.

«Bli kjent-dag», kontaktlærer/faglærer

Fagleg opplegg

Utlevering bøker

Onsdag 25.08.

Ordinær timeplan 08:05 – 11:15

Vg3TT møter ved auditoriet kl. 08:00

Grilling, rebusløp rundt Synnalsvatnet

Torsdag 26.08.

Ordinær timeplan

Vg4TT møter ved auditoriet kl. 08:00

Fredag 27.08.

Ordinær timeplan

09:45-11:15 Vg1-klasser; rebus/labyrint Haram vgs.

## Velkommen til nytt skuleår!

Eg vil saman med leiarar, lærarar og driftspersonell ønske deg velkommen til Haram vidaregåande skule.

Vi arbeider for at elevane skal nå måla sine, og slik oppleve fagleg, sosial og personleg utvikling. Skulen skal bidra til at alle elevar opplever meistring og tilpassa opplæring på skulen, og vise forståing for og vilje til å hjelpe elevar med mindre gode skuleresultat frå grunnskulen. Ta spesielt omsyn til minoritetsspråklege elevar slik at dei vert inkluderte i skulesamfunnet. Haram vidaregåande skule samarbeider med grunnskulen slik at elevane opplever samanheng i den 13-årige opplæringa. Skulen skal vidareutvikle vurderingspraksis som fremmar sjølvkjensle, lærelyst og læring, gjennom arbeid med læringsfremmande prinsipp og kjenneteikn på god undervisning og opplæring, i tråd med endra vurderingsforskrift, og implementere nytt læreplanverk og VIS.

Mål for gjennomføring er meir enn 90 % gjennomføring for skoleåra 2021/2022 og 2022/2023. I skuleåret 2020/2021 hadde vi ei gjennomføring på heile 93,4 % som er ein av dei høgste i fylket, der Møre og Romsdal fylke er høgast i landet.

Vi vil arbeide for god elevmedverknad både gjennom elevrådsarbeid, og at elevane saman med lærarar, er aktivt med i gjennomføringa av opplæringa, og vidareutvikling av profesjonsfellesskap der det vert lagt til rette for ein aktiv delingskultur, både fagleg, metodisk og i å auke den digital kompetansen.

Haram vidaregåande skule skal levere kunnskap som er relevant både for næringslivet og som grunnlag for studiar og forskning knytt til høgare utdanning, og styrke den delen av utdanninga som er praksisretta. Haram vidaregåande skule skal vere internasjonalt retta – DIKU har gitt akkreditering til Haram vidaregåande skule i 2021 – 2027. Gjennom internasjonalt arbeid skal vi gi elevane breiare kompetanse, og auke kvaliteten i opplæringa ut frå Kunnskapsløftet 2020, auke kunnskap og dugleik i internasjonale relasjonar og utfordringar, styrke framandspråkopplæringa, kunnskapar knytt til digitalisering, samhald og inkludering for alle i elevgruppa.

Alle elevar skal ha eit trygt og godt læringsmiljø, som fremjar helse, trivsel, tryggleik og inkludering i tråd med kapittel 9A i opplæringslova. Arbeide for 0 % mobbing i *Elevundersøkelsen* (jf. resultatata frå 2019/2020 og 2020/2021).

Gjennom karriererettleiing skal vi hjelpe elevane til å ta sjølvstendige, bevisste og meiningsfulle val, i planlegging av utdannings- og yrkeskarriere, der ein og tek omsyn til samfunnet sine framtidige behov for kompetanse og arbeidskraft.

Vi ønskjer at alle i skulesamfunnet har ei positiv haldning til arbeidsplassen sin og skulen si oppgåve, at ein bryr seg om fellesskapet og seier frå når tilhøva ikkje er i tråd med felles normer og reglar. Elevar, lærarar og tilsette som snakkar positivt om Haram vidaregåande skule er god marknadsføring, og skaper eit positivt omdømme.

Leiarar, lærarar og driftspersonell vil arbeide for at læringsmiljøet vert godt, og at du får eit rikt og kjekt skuleår.

Velkommen til skulen!

Jan Magne Helland  
rektor

## **SKULEUTVALET/ SKULEMILJØUTVALET**

Skuleutvalet og Skulemiljøutvalet er slått saman. Det samla utvalet har i alt 11 representantar med vararepresentantar. Av desse er 1 representant frå dei føresette, 2 frå lokalsamfunnet, 1 frå dei tilsette, rektor (repr. for fylket) og 6 elevrepresentantar.

Representantane for elevar og føresette med vara, blir valde for 1 skuleår om gongen. Skuleeigar ved fylkesrådmannen nemner opp representantane for lokale samfunnsinteresser, etter framlegg frå rektor. Dei øvrige medlemmane blir oppnemnde for 2 år.

### **Ansvarsområda**

- Oppfølging av kvalitetsarbeidet ved skulen (prosess, innhald og resultat) gjennom til dømes brukarundersøkingar og kartlegging av læringsmiljøet.
- Godkjenning av mål- og tiltaksplan.
- Initiering av utviklingsarbeid. Utvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette og elevane tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.

### **Uttalerett om**

- Mindre investeringar i tråd med fylkestinget sine vedtak om økonomiske rammer.
- Disponering av driftsbudsjett.
- Justering av skulen sin organisasjonsmodell.
- Tilbudsstrukturen ved skulen – skulebruksplanen.
- Saker som gjeld skulemiljøet (jf. Opplæringslova kapittel 9a.).

### **Møte**

Skuleutvalet/Skulemiljøutvalet skal ha minst tre møte i året.

## **ELEVRÅDET**

Gjennom elevane sin eigen organisasjon, Elevrådet, kan du formidle ditt syn på aktuelle saker. Elevrådet vil i den grad det er mogleg, legge tilhøva best mogleg til rette for elevane. Dersom du synest dette er eit godt føremål, kan du la deg velje til tillitselev i gruppa di, og på den måten kome inn i elevrådet Eller du kan prøve å bli ein av skulen sine representantar i ein elevorganisasjon.

Som namnet seier, er Elevrådet elevane sitt eige råd. Etter lova skal alle vidaregåande skular ha eit elevråd. Det skal m.a. arbeide med arbeidstilhøve, trivsel og velferdstiltak for elevane. Elevrådet er rådgjevande organ for skuleutval og rektor. Det kan drøfte saker frå andre organ ved skulen, eller det kan ta opp saker på eige initiativ. Viktige saker kan leggjast fram for elevane i allmøte eller til uravrøysting.

Elevrådet er samansett av gruppene sine tillitselevar. 5 av desse utgjør elevrådsstyret.

Etter at elevane har valt tillitselev i starten av skuleåret, kallar elevrådskontakt i leiinga inn til konstituerande møte.

## **ELEVOMBOD**

I tillegg til elevrådsstyret vel elevrådet eit elevombod som skal ivareta elevane sine rettar.

## **SKULESKYSS**

Fylkeskommunen v/samferdselsavdelinga syter for dagleg skyss eller skysstilskott for elevane i den vidaregåande skulen. Dei fleste som reiser dagleg, kjem seg til og frå skulen med buss, eller buss og ferje. På strekningar med få elevar kan det vere nødvendig at desse nyttar private skyssmiddel, og dei får då skyssgodtgjersle etter gjeldande satsar.

For skuleåret 2021/2022 vert det nytta elektroniske skuleskysskort, og elevane må sjølv søke om skuleskyss inne på [www.skoleskyss.mrfylke.no](http://www.skoleskyss.mrfylke.no)

Nedre grense for å få skyss/skyssgodtgjersle er normalt 6 km frå heimen til skulen. Elevar som må bruke båt/ferje til skulen, får skuleskyss også for strekning under 6 km.

Elevar som misser reisebeviset, må gi melding til skulen.

## TIMEPLANEN

Organiseringa av opplæringa er viktig for studietilbodet og læringsarbeidet.

Timeplanen blir i utgangspunktet lagt på "ordinær" måte. Innanfor dei ulike delane skal det så skje tilpassing av aktiviteten i høve til dei samla måla for opplæringa. Timeplanen sin struktur (timelengder) varierer gjennom skuleveka. Dette ser du ein oversikt over på neste side.

### Timeplanen inneheld følgjande element:

#### Undervisningstid

Undervisningstida er i hovudsak i tidsrommet 08:05–14:30. Dei faglege øktene har ulik lengde og kan variere frå veke til veke ut frå plassering av fagdagar eller eventuelt andre pedagogiske opplegg.

#### Kontaktmøtetid

Dette er kontaktlærer og klassen/basisgruppa si tid, der ein får gitt/utveksla informasjon, ha samtalar og diskusjonar. I utgangspunktet er det sett av 30 minutt til kontaktmøtetid onsdagar (kl. 11:45-12:15). Klassar som er utplasserte, finn eit alternativt tidspunkt. Det kan også avtalast individuelle møte med faglærar/kontaktlærer på andre tidspunkt.

Innhald og opplegg, praktiske ordningar etc. vil bli evaluert undervegs.

## GRUPPEORGANISERING

Endringar i Opplæringslova tilseier at elevane skal delast i grupper etter behov. Målet med endringane er å styrke undervisninga, leggje betre til rette for tilpassa opplæring av kvar elev, og ivareta elevane sine behov for sosialt tilhøyr.

Kvar elev skal vere knytt til ein lærar (kontaktlærer) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, mellom anna kontakt med heimen.

Kontaktlæraren skal ha eit særleg ansvar for å følgje med i eleven si utvikling og resultatoppnåing, koordinere det fagleg/pedagogiske samarbeidet med andre lærarar, og samarbeide med rådgjevar om den psykososiale rådgevinga.

Gruppestorleiken (elevar pr. kontaktlærer) skal vere tilpassa målet med denne organiseringa, med viss høve til fleksibilitet. Gruppa kan normalt ha inntil 15 elevar, men oftast ligg elevtalet lågare. Det er faglege, pedagogiske og praktiske grunnar som avgjer dette.

Basisgruppe	Kontaktlærer
1ST1	Sigrid H. Sandbakk
1ST1	Synnøve B. Hersvik
2ST1	Malena S. Malakzadeh
2ST2	Ellen Drønnesund
2ST2	Thomas Trøen
3ST1	Marte T. Vadset
3ST1	Ann Kristin Vatne
3ST2	Solveig Beadle
3ST2	Hanne Ski
1EL1	Solveig Bostad
2EL1	Torbjørn Volstad
1HO1	Elisabeth Vegsund
2HO1-HEA	Astrid Dahl
2HO2-BUA	May-Sissel R. Osvik
1TP1	Azem Maksumic
1TP2	Øystein Ertresvåg
2TP1	Kjell Arne Hermansen
2TP2	Torgeir Garshol
1TT1	Arild Haddal
2TT1	Ivar Roald
3TT1	Terje E. Pettersen
4TT1	Einar Nes
3PB1	Tormod Strand

## TIMEPLANSTRUKTUR

### Timeplanen har ny struktur f.o.m. hausten 2021.

Mån-, ons- og fredag har same oppbygging, medan tys- og torsdag er lagt opp med lengre økter og andre pausetider. Normalt blir fag timeplanlagt innan ytre rammer 08:05 – 14:30 (grøn sone), men ettermiddagsøktene (grå sone) kan bli timeplanlagt for enkelte fag.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08:05	08:05	08:05	08:05	08:05
09:35		09:35		09:35
10 minutt	11:05	10 minutt	11:05	10 minutt
09:45		09:45		09:45
11:15	25 minutt	11:15	25 minutt	11:15
30 minutt	11:30	30 minutt	11:30	30 minutt
11:45		11:45 – 12:15		11:45
12:45	16:35	12:15 – 12:45	16:35	12:45
15 minutt		15 minutt		15 minutt
13:00	14:30	13:00	14:30	13:00
14:30		14:30		14:30
14:30	14:30	14:30	14:30	14:30
15:30		15:30		15:30
15:35	16:05	15:35	16:05	15:35
16:05		16:05		16:05

### Ver merksam på at innhaldet/fagfordelinga i timeplanen kan vere forskjellig frå veke til veke.

Dette er og nytt frå hausten 2021. Alle må til ein kvar tid vere medvitne kva veke ein er i, og følgje med på den digitale timeplanen de finn i VIS (Visma In School) gjennom skuleåret.

Det faglege opplegget og ulike faglege aktivitetar vil vere tilpassa denne variasjonen og ein håper dette gjev rom for den faglege fordjupinga som fagplanane i Fagfornyinga (innført gradvis frå hausten 2020) krev.

## **RÅDGJEVARKONTORET**

Du finn rådgjevarkontoret i 1. høgda, ved sida av auditoriet. Kontoret er ope kvar dag. Nærare orientering om når/kva timar rådgjevar er å treffe, blir gitt i byrjinga av skuleåret. Sjå også oppslag på døra.

Rådgjevar skal vere elevane til hjelp i spørsmål om fag, lineval og studieretning. Han skal og gi yrkesretteiing og hjelp ved t.d. personlege forhold og problem. Han vil og kunne hjelpe til med å skaffe spesialisthjelp t.d. skulepsykolog og skulelege.

Oppslag og brosjyrrar om høgare utdanning vil du finne på rådgjevarkontoret. Gi rådgjevar melding om utdanningar du er interessert i, slik at han kan skaffe brosjyrrar og søknadsskjema i god tid før søknadsfristen går ut.

Elevane ved skulen kan ofte ha behov for å snakke med ein som kanskje ikkje er læraren deira til dagleg. Sjølv om det ikkje treng å vere store problem eller konflikhtar, kan det vere godt å stikke innom rådgjevarkontoret for ein prat. Ver ikkje redd for å "forstyrre" - det er derfor han er her.

Det blir ikkje rekna som fagfråvere når ein elev oppsøker rådgjevar. Meld frå til faglærer når du går. Du kan også stikke innom og avtale tid, slik at du kan få ein samtale i ein av fritimane dine.

Velkomen!

## **STIPEND OG LÅN**

Dei som vil søkje Statens Lånekasse om økonomisk støtte til skulegangen, bør sende inn søknad så snart dei veit dei har fått skuleplass. Du kan søke om stipend og lån i Lånekassen gjennom nettsøknad som du finn på [www.vigo.no](http://www.vigo.no). Søknader til skuleåret 2021/22 må vere innsende før 15. november 2021. Dersom ein berre søkjer for vårhalvåret, er fristen 15. mars 2022.

Sjå rettleiinga til Lånekassen, og eventuelt på heimesida til Lånekassen.

[www.lanekassen.no](http://www.lanekassen.no)

Ved utfylling av søknaden, les rettleiinga grundig. Søknader som inneheld feil eller er mangelfullt utfylte, vert returnerte eller det tek lengre tid å behandle dei.

## **PRAKTISKE OPPLYSNINGAR**

### **SKULEN SITT KONTOR**

har ekspedisjonstid kvar dag mellom kl 10:00 og kl 14:00.

### **SKULEFOTOGRAFERING/SKULEBEVIS**

I starten av året vert det fotografering av alle elevane og klassene, og det vert laga til ein skulekatalog som vi oppmodar alle om å bestille. PocketID er vår skule sitt elektroniske skulebevis, og i staden for plastkort vil elevane få dette på mobilen sin.

### **TELEFON**

Vi gjer merksame på at skulen **IKKJE** tek imot privattelefonar til elevane med unntak av spesielt viktige situasjonar.

### **HITTEGODS**

Dersom du har mist/funne verdisaker, kan du ta kontakt med kontoret. Elles finst det ingen spesiell stad for attgløymde gjenstandar. Vaktmeister/reinhaldarar kan i enkelte høve ha fått inn hittegods.

### **KANTINE**

Kantina ligg i underetasjen på hovudbygget og er open frå ca kl 08:30 til ca kl 14:00 når det er ordinær skule. Der finst god mat og godt fellesskap.

## **HELSETENESTE**

Skulehelsetenesta er eit tilbod til alle elevane ved skulen.

Helsesjukepleiar vil ha kontortid og kan treffast i 2. etasje i hovudbygget på skulen. Sjå infoskjerm, eller oppslagstavle. Du treng ikkje å bestille time på førehand. Kontortida til helsesjukepleiar ved skulen er eit tilbod du kan nytte deg av om du har noko du vil spørje om, eller ta opp i forhold til psykisk eller fysisk helse. Du kan og få råd og rettleiing i helsespørsmål og kan eventuelt få formidla kontakt til andre instansar om du ynskjer det. Helsesjukepleiar har teieplikt.

I byrjinga av skuleåret vil helsesjukepleiar orientere i kvar klasse om helsetenesta ved skulen. Dersom du skulle trenge rask lækjarhjelp i løpet av skuledagen, kan du ta kontakt med lærar.

## **RØYKING**

Det er totalt snus- og røykeforbod i skuletida (sjå Reglement i orden og åtferd).

## **PARKERING**

Bilar skal parkerast på oppmerka parkeringsplassar ved skulen. Mopedar og motorsyklar skal parkere på anvist plass ved verkstaden. Skulen har få parkeringsplassar i høve til behovet, og vi ber dei som kan, nytte offentlege transportmiddel.

## **ORIENTERING OM BIBLIOTEK/LESESAL**

Biblioteket finn du i 1. høgda i hovudbygget. I tillegg er det eit breitt tilbod ved Folkebiblioteket i Brattvåg.

## **UTLÅN AV LÆREBØKER**

Du får låne lærebøker på skulen med unntak av arbeidsbøker som du skal skrive i. Alle lånte lærebøker må leverast tilbake til skulen v/bibliotekaren. Det er viktig at du sjekkar at du ikkje har uteståande lån i bibliotekbasen, då manglande innleveringar automatisk vert fakturert ved slutten av skuleåret. Utsende fakturaer må betalast, då nye bøker allereie er kjøpt inn.



## TILSETTE VED HARAM VIDAREGÅANDE SKULE



Hilde Aasgaarden



Helene Austbø



Solveig Bostad



Solveig Beadle



Zhiru Chen



Sirikon Chaikwang



Astrid Dahl



Øyvind Danielsen



Ellen Drønnesund



Arild Eik



Øystein Ertresvåg



Magnhild Fjørtoft



Solfrid Fiksdal



Arild Førdestrøm



Trond Gangstø



Torgeir F. Garshol



Anita K. Giske



Arild Haddal



Stian Hatlehol



Simen Hartmann



Jan M. Helland



Kjell A. Hermansen



Synnøve B. Hersvik



Birte Hofseth



Elise Johnsen



Eva Marie Kvalvik



Katarzyna Lech



Azem Maksumic



Malena Malakzadeh



Kjell M. Nedrevold



Rannveig Nerland



Einar Nes



May-Sissel Øsvik



Roselyn V. Pagara



Terje Pettersen



Ivar Roald



Hege Pia H. Sandbakk



Sigrid H. Sandbakk



Hanne Ski



Marianne Sjøstad



Paul W. Spee



Tormod Strand



Håkon Sæterøy



Julie E. Tronstad



Thomas Trøen



Lisa Tennøffjord




Åsa Schjeide Urke



Marte T. Vadset



Ann Kristin Vatne



Elisabeth Vegsund



Torbjørn Volstad



Henning Ødegård



Åslaug Ø. Ødegård



## PERSONALLISTE SKULEÅRET 2021/2022

REKTOR	HELLAND, JAN MAGNE
ASS. REKTOR	SÆTERØY, HÅKON
FAGLEIAR	AASGAARDEN, HILDE KRISTIN
FAGLEIAR	FJØRTOFT, MAGNHILD
KONSULENT	GISKE, ANITA K.
KONSULENT	ØDEGÅRD, ÅSLAUG Ø.
FAGLEIAR VAKTMEISTER	FØRDESTRØM, ARILD
FAGLEIAR REINHOLD	LECH, KATARZYNA
REINHOLDAR	FIKSDAL, SOLFRID
REINHOLDAR	PAGARA, ROSELYN
REINHOLDAR	CHAIKWANG, SIRIKON
RÅDGJEVAR	ROALD, IVAR
OT-RÅDGJEVAR	KVALVIK, EVA MARIE
DRIFTSANSV. IT	ØDEGÅRD, HENNING
ELEVASSISTENT/FAGARB.	NERLAND, RANNVEIG
ELEVASSISTENT/FAGARB.	SJÅSTAD, MARIANNE
ADJUNKT	AUSTBØ, HELENE
LEKTOR M/TILL.	BEADLE, SOLVEIG
ADJUNKT M/TILL.	BOSTAD, SOLVEIG
LEKTOR M/TILL.	CHEN, ZHIRU
ADJUNKT	DAHL, ASTRID
LEKTOR M/TILL.	DANIELSEN, ØYVIN
LEKTOR M/TILL.	DRØNNESUND, ELLEN
LÆRAR	EIK, ARILD
ADJUNKT M/TILL.	ERTRESVÅG, ØYSTEIN
ADJUNKT M/TILL.	GANGSTØ, TROND
ADJUNKT	GARSHOL, TORGEIR FINNANGER
ADJUNKT	HADDAL, ARILD
LÆRAR/BIBLIOTEKAR	HARTMANN, SIMEN
LÆRAR	HATLEHOL, STIAN
LEKTOR M/TILL.	HERSVIK, SYNNØVE B.
ADJUNKT	HERMANSEN, KJELL ARNE
LEKTOR M/TILL.	HOFSETH, BIRTE
ADJUNKT	JOHANSEN, ELISE
ADJUNKT M/TILL.	MAKSUMIC, AZEM
LEKTOR M/TILL.	MALAKZADEH, MALENA STRØMMEN
ADJUNKT M/TILL.	NEDREVOLD, KJELL MORTEN
LEKTOR M/TILL.	NES, EINAR
ADJUNKT M/TILL.	OSVIK, MAY-SISSEL R.
LEKTOR M/TILL.	PETTERSEN, TERJE
ADJUNKT	SANDBAKK, HEGE PIA H.
ADJUNKT M/TILL.	SANDBAKK, SIGRID KRISTIN H.
LEKTOR M/TILL.	SKI, HANNE
ADJUNKT M/TILL.	SPEE, PAUL W.
ADJUNKT	STRAND, TORMOD
LEKTOR M/TILL.	TENNØFJORD LISA
LEKTOR M/TILL.	TRONSTAD, JULIE ELISE
LEKTOR	TRØEN, THOMAS
LEKTOR M/TILL.	URKE, ÅSA SCHJEIDE
ADJUNKT M/TILL.	VADSET, MARTE T.
LEKTOR	VATNE, ANN KRISTIN
ADJUNKT	VEGSUND, ELISABETH
ADJUNKT M/TILL.	VOLSTAD, TORBJØRN

## **SKULEN SIN ADMINISTRASJON**

### **Rektor**

#### **Jan Magne Helland**

Fagleg/pedagogisk ansvar. Permisjon av lærarar og andre tilsette. Økonomiansvarleg, tilsettings-saker, skuleutvalssaker, lønningar, leige/utleige av undervisningsrom, kursverksemd og vaksenopplæring. Leiar for driftspersonell. Eksamen. Dokumentasjon.

### **Ass. rektor**

#### **Håkon Sæterøy**

Rektor sin avløyssar. Prøver og eksamenar. Tilrettelegging av materialet for timeplanlegging. Fordeling av elevane i klasser og grupper. VIS.

Leiar for avdeling teknikk og industriell produksjon og elektrofag. Fagleg-pedagogisk arbeid på avdelinga. Skaffe vikarar for si avdeling. HMS-koordinator.

### **Fagleiar**

#### **Hilde Kristin Aasgaarden**

Leiar for avdeling realfag, kroppsøving, helse- og oppvekstfag. Prosjektansvarleg for VIS. Støtteundervisning/- spesialpedagogiske tiltak. Ekskursjonar og aktivitetsdagar. Fagleg-pedagogisk arbeid på avdelinga. Skaffe vikarar for si avdeling.

### **Fagleiar**

#### **Magnhild Fjørtoft**

Leiar for avdeling norsk, samfunnsfag og språkfag. Tilretteleggar for fagleg-pedagogisk arbeid og samarbeid innan avdelinga. Skaffe vikarar for si avdeling. Dokumentasjon. Elevrådsarbeid og andre elevaktivitetar, skuleskyss. Internasjonalisering.

### **Konsulent**

#### **Anita Krogsæter Giske**

Økonomi/budsjett, lønningar, personal- og elevadministrasjon, reiserekningar/utlegg, sentralbord, arkivering.

#### **Åslaug Ørjasæter Ødegård**

Eksamen, dokumentasjon, lønningar, elev- og personaladministrasjon, sentralbord, arkivering.

### **Rådgjevar**

#### **Ivar Roald**

### **Oppfølgingstenesta (OT)**

#### **Eva Marie Kvalvik**

### **HMS-koordinator**

#### **Håkon Sæterøy**

### **Fagkoordinatorar**

#### **Øyvin Danielsen – Norsk**

#### **Marte T. Vadset - Engelsk**

#### **May-Sissel Osvik – Helse- og oppvekstfag**

#### **Terje Pettersen – Matematikk/fysikk**

#### **Torbjørn Volstad - Elektrofag**

## **Litt om skulen**

Haram vidaregåande skule ligg i Brattvåg, senteret i Nordre Ålesund. Skulen har omlag 300 elevar, i tillegg kjem elevar knytt til lærlingskulen som er innom for kortare eller lengre tid. Storparten av elevane bur heime, men dei som er avhengige av hybel, skaffar seg den forholdsvis greitt. Skulen kan også hjelpe til her, då kontorpersonalet har ei liste over dei som har meldt at dei har hybel til utleige.

## **Kantina**

ISS driv kantina ved skulen. Her finn du god mat, godt humør og eit godt fellesskap. Eit par dagar i veka vert det servert varm mat.

Kantina er open frå ca kl 08:30 til ca kl 14:00 når det er ordinær skule. På dagar med heildagsprøver opnar kantina kl 08:00.

## **Fritidstilbod**

Som elev ved Haram vgs kan du ta del i eit breitt fritidstilbod. I Brattvåg og den næraste omgjevnaden vil du finne tilbod innanfor idrett, musikk, song og amatørteater (revy). Du vil finne dei fleste servicetilboda i gangavstand frå skulen. Brattvåg har også eit flott kulturhus, der det er Ungdomsarena, kino, konsertsal m.m.

## **Nærområdet**

Området har eit variert næringsliv, med mykje industri og mange servicebedrifter. At mangfaldet i kommunen er så stort når det gjeld industri, handel og primærnæringar, gjer at skulen får mange impulsar utanfrå som kjem elevane til gode. Skulen har eit godt samarbeid med kommunen og næringslivet. Dette kjem konkret til uttrykk i skulen sitt varierte tilbod.

## **Ordninga med PC-avtale skuleåret 2021/2022**

Elevar får låne lærebøker på skulen. Elevar på Vg1 vil får tilbod om å gjere avtale om berbar PC gjennom fylket si ordning, dersom dei ikkje har nytta seg av ordninga tidlegare. Ordninga kan du lese meir om på nettsida <http://mrfylke.no/Tenestemraade/Utdanning/Elev/PC-ordninga>

## **Kommunikasjon**

Brattvåg har god kommunikasjon både nordover og sørover i fylket. Med buss eller ferje kjem ein enkelt til og frå skulen. Rutetidene passar slik at elevar kan dagpendle sjølv om avstanden er stor.

## SKULERUTE OG KARAKTERTERMINAR SKULEÅRET 2021/2022

MÅNAD	AKTIVITETAR	VEKE-DAG	DATO	ST./ PLANL.-DAGAR	Dagar
AUGUST	Studie- og planleggingsdag	Måndag	16.	1	7
	Studie- og planleggingsdag	Tysdag	17.	1	
	Studie- og planleggingsdag	Onsdag	18.	1	
	Studie- og planleggingsdag (Fagdag)	Torsdag	19.	1	
	Studie- og planleggingsdag	Fredag	20.	1	
	Første skuledag	Måndag	23.		
SEPTEMBER					22
OKTOBER	Hautferie frå og med	Måndag	11.		16
	Hautferie til og med (veke 41)	Fredag	15.		
NOVEMBER					22
DESEMBER	Siste skuledag før jul	Tysdag	21.		15
JANUAR	Studie- og planleggingsdag	Måndag	03.	1	20
	Første skuledag etter jul	Tysdag	04.		
FEBRUAR	Vinterferie (veke 8)	Måndag	21.		15
		Fredag	25.		
MARS					23
APRIL	Påskeferie	Måndag	11.		15
	Første skuledag etter påske	Tysdag	19.		
MAI	17. mai	Tysdag	17.		19
	Kristi Himmelfartsdag	Torsdag	26.		
	Elevar fri	Fredag	27.		
JUNI	2. Pinsedag	Måndag	6.		16
	Siste skuledag	Torsdag	23.		
	SUM			6	190

### Karakterterminar for skuleåret 2021/2022:

1. halvår: 23. august 2021 – 14. januar 2022 (91 undervisningsdagar)  
 2. halvår: 17. januar 2022 - 23. juni 2022 (99 undervisningsdagar)

Ved eventuelle sentrale pålegg eller lokale behov/tilhøve ved skulen, kan det bli gjort endringar i ettertid.

## PRØVEPLAN

Det er satt opp ein eigen prøveplan for å fordele arbeidsmengd og unngå opphoping av prøver.

## INDELING AV SKULEÅRET - HALVÅR

Skuleåret er inndelt i 2 halvår. For skuleåret 2021/2022 blir det denne inndelinga:

**1. halvår:** F.o.m. måndag 23. august t.o.m. fredag 14. januar: 91 undervisningsdagar.

**2. halvår:** F.o.m. Måndag 17. januar t.o.m. torsdag 23. juni: 99 undervisningsdagar.

## FORELDREMØTE

Det skal heldast foreldremøte for kvar klasse minst 2 gongar i skuleåret. Ein førebels plan for foreldremøta for 2021/2022 ser slik ut:

**Veke 37:** Eit felles foreldre-/informasjonsmøte til Vg1-elevar torsdag 16. september.

**Veke 45-47:** Kontaktmøter for foreldre/elevar.

Møte med kontaktlærer. Høve til å møte faglærer etter ønske.

**Veke 4:** Foreldremøte for 1ST-elevar.

**Veke 11-12:** Kontaktmøte med kontaktlærer.

## KONFERANSETID

Elevar og føresette kan også avtale samtale med lærarane, eller lærarane kan avtale å møte elevar/føresette til samtale til avtalte tider i skuletida.

## ORDEN OG TRIVSEL

Verksemda ved alle vidaregåande skular er regulert gjennom Opplæringslova av juli 1998. I tillegg finst det eit ordensreglement som gjeld for dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal

fylkeskommune. Ordensreglementet blir kvart år delt ut og gjennomgått med elevane.

Du har fått klare rettar og klare plikter, og det er ditt hovudansvar å leve opp til denne kontrakten.

Enkelte praktiske detaljar viser seg å vere viktige trivselsfaktorar i den jamne skulevardagen. På desse områda kan DU og EG gjere ein konkret innsats kvar dag:

Møt presis til timane. Dette betyr mykje både for elevane og læraren sin arbeidssituasjon. Normalt skal ingen forlate klasserommet i timane. Må du ut, skal du spørje læraren om du kan gå ut ein tur.

Når skuledagen er over, skal stolane i romma settast opp på pultane. Den gruppa som har siste undervisningstime i dei enkelte romma, skal syte for at dette blir gjort. Dersom dette ikkje blir gjort, vil det føre til meirarbeid for reinhaldspersonalet.

## Vi presiserer:

- Kast ikkje rusk og rask ute eller inne på skuleområdet. Rydd opp etter deg, og bruk dei oppsette boskorgene.

## Garderobe/ranslar

I byrjinga av skuleåret vil det bli lånt ut låselege garderobeskap. Kostnaden er prisen for hengelås. Håkon Sæterøy kjem innom klassene med lister.

Det er noko trangt på skulen når det gjeld fellesareal. Det er viktig at ikkje areala blir "okkuperte" av vesker og ranslar. Elevane skal så langt forholde tillet det, nytte tildelte skap til å plassere dette i.

**Merk ranslar, vesker o.l. med namn.**

## SJEKKLISTE FOR ELEVAR

Kryss av etter kvart som du får utlevert informasjon om:

Informasjonsavis	X
Skulerute	X
Timeplan	
Gjennomgang branninstruks	
Fordeling av skap	
Ordensreglement	
Fråversordning	
PC – rutinar/bruk	
Læreplanar alle fag	
Skuleskyss	
Karaktersetting etc.	
Termin- og årsplanar i alle fag	
Prøveplan 1. halvår – småprøver	
Prøveplan 1. halvår – heildagsprøver	
Prøveplan 2. halvår – småprøver	
Prøveplan 2. halvår – heildagsprøver	
Eksamensplan våren 2022	
Ekskursjonsreglement og søknadsfristar	
Elevrådet, med val	
Val av tillitselev	
Ordenselevliste	
Eksamensretteleiing Haram vidaregåande skule	
Klagerett på karaktersetting	
Hjelpemiddel til eksamen	
Eksamensordninga i studieretninga og enkeltfag	
Krav til vitnemål, kompetansebevis etc.	
Prosjektarbeid	
Biblioteket	
Elevsamtalar - 1. og 2. halvår	
Elevdokumentasjon - 1. og 2. halvår	
Viktige nettsider: UngWeb, HVS	



# ELEVSTANDARD - Haram vidaregåande skule

## *Stolt og skapande*

<b>Standard</b>	<b>Rutinar/praksis</b>
<b>Kunnskap og kvalitet</b>	Førebu deg godt til timane Engasjer deg og ver lærevilleg Arbeid godt og målretta Gjer deg kjent med vurderingskriteria i dei ulike faga Respekter fristar og lever til rett tid Ver kreativ og nyskapande
<b>Nærleik</b>	Set deg eigne mål Ta imot god oppfølging frå lærar Ver med og ta del i konsertar og andre kulturelle ting som skjer på skulen Gjer deg nytte av gode lære- og hjelpemiddel på skulen
<b>Samarbeid</b>	Gjer ditt beste i samarbeid med dei andre Støtt elevrådet med å jobbe framtidsretta Meld frå om eige fråver til kontaktlærar Rydd etter deg i klasserom, verkstader og kantine
<b>Mangfald og moglegheiter</b>	Gjer deg nytte av - eit godt og breitt utval av studietilbod - den gode kontakten med lokalt næringsliv og kommune - det gode samarbeidet med inn- og utland
<b>Tryggleik og trivsel</b>	Ta ansvar for å skape eit godt miljø Pass på at ingen vert mobba Inkluder alle i klassa Sei frå dersom du ser at konflikhtar oppstår eller dersom nokon ikkje har det så bra Hels på medelevar, lærarar og andre tilsette når du møter dei Bruk basistimane til arbeid for tryggleik og trivsel for alle
<b>Positiv haldning og lojalitet</b>	Ver stolt av skulen din og det å vere elev her Snakk positivt om og til alle Ver blid og hyggeleg Møt presis til timane Ha god folkeskikk
<b>Respekt</b>	Vis respekt for medelevar, lærarar og andre tilsette Lær namnet på lærarane dine Høyr på læraren når han/ho snakkar Respekter ordensreglane på skulen Skru av mobil i timane og bruk datamaskin berre til læring Respekter påbodet om røyk-, snus- og rusfri skule



**HARAM**  
VIDAREGÅANDE  
SKULE

**Haram vidaregåande skule**  
**Skuleråsa 10**  
**6270 BRATTVÅG**

**Telefon: 71 28 17 00**

**E-post: [haram.vgs@mrfylke.no](mailto:haram.vgs@mrfylke.no)**

**Heimeside: [www.haram.vgs.no](http://www.haram.vgs.no)**